NGIR

# INNKALLING TIL
# STYREMØTE I NGIR

Det vert styremøte i NGIR måndag 08.10.18, kl. 14.30, i Kjevikdalen.

**Sakliste:**

| | |
|---|---|
| Sak 20/18 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| Sak 21/18 | Godkjenning av protokoll frå førre møte |
| Sak 22/18 | Meldingar<br>a) Diverse munnleg orientering<br>b) Benchmarking (munnleg orientering)<br>c) Styre-evaluering (styreleiar presenterer resultata i møtet)<br>d) Sjukefråvær 1. halvår 2018 |
| Sak 23/18 | Kommunesamanslåing – trong for endring av selskapsavtale |
| Sak 24/18 | Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi |
| Sak 25/18 | Sal av tomt i Knarvik |
| Sak 26/18 | Godtgjersle til styre og representantskap |
| Sak 27/18 | Investeringsbudsjett 2019 |
| Sak 28/18 | Driftsbudsjett 2019 |
| Sak 29/18 | Renovasjonsgebyr 2019 |
| Sak 30/18 | Slamgebyr 2019 |
| Sak 31/18 | Økonomiplan 2019-2022 |
| | Moglege andre saker. |

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei snarast mogleg gje melding til administrasjonen, slik at me kan kalla inn varamedlem.*

Kjevikdalen, 01.10.18

Helge Fjellanger
*styreleiar*

Bjørn Berg
*dagleg leiar*

**STYREMØTE**

Møtedato: 08.10.2018 Sak nr: 22d.18 Sakshandsamar: RF

## Sjukefråvær 1 halvår 2018

Tidlegare berekningar av sjukefråvær har ikkje inkludert sjåførar på renovasjonsbilane eller personar som har slutta i NGIR.

Sjukefråværet har tidlegare vore inndelt i kvinner og menn. I framtida vil sjukefråværet bli vist avdelingsvis.

Sjukefråværet vil frå no av inkludere dei som har slutta i NGIR siste 3 år, men ikkje vikarar. Dette utgjer ein liten feilkjelde, særleg på sorteringsavdelinga som har størst bruk av vikarar. Vikarane vert i dag registrert med stillingsprosent 0 og fråvær kjem derfor ikkje med i statistikken frå lønsprogrammet.

Ei vurdering av fråværet blant vikarane siste 3 år, viser at dersom ein hadde tatt med vikarane, vil tal tilfelle med sjukefråvær gå opp litt, men fråværsprosenten vil gå litt ned.

**Sjukefråvær totalt NGIR:**

| | 1-3 dagar | 4-16 dagar | >16 dagar | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| **Siste år:** | **1,3 %** | **3,4 %** | **1,5 %** | **6,1 %** |
| **Siste 3 år:** | **1,2 %** | **4,0 %** | **2,3 %** | **7,6 %** |

Det totale sjukefråværet har siste år vore 6,1 % mot 7,6 % siste 3 år.

Som figur 1 viser, er trenden for det totale sjukefråværet synkande.

Sjukefråværet er redusert mykje sett i forhold til siste 3 år. Dette skuldast i stor grad at sjåførane på renovasjonsbilane vart overført til NGIR mot slutten av 2017. Sjukefråværet på denne avdelinga har vore svært lavt.

Figur 2 viser sjukefråværet siste året fordelt etter lengde på fråværet. Langtidsfråvær (meir enn 16 dagar) gir det klart største bidraget, men er også det fråværet som er mest redusert det siste året.

*Figur 1: Sjukefråvær siste år*




*Figur 2: Sjukefråvær fordelt på langtids og korttids fråvær*



*Figur 3: Totalt sjukefråvær siste 3 år*




**Sjukefråvær Administrasjon:**

| | 1-3 dagar | 4-16 dagar | >16 dagar | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| **Siste år:** | **1,8 %** | **1,4 %** | **3,2 %** | **6,4 %** |
| **Siste 3 år:** | **1,8 %** | **1,7 %** | **6,2 %** | **9,7 %** |

Sjukefråværet i administrasjonen har siste året vore 6,4 % mot 9,7 % siste 3 år. Dette skuldast at langtidsfråværet har vore 3 % lågare siste året sett i forhold til siste 3 år. Som ein kan sjå av figur 4, varierer langtidssjukefråværet ganske mykje frå kvartal til kvartal dei siste 3 åra medan fråvær på 1-3 dagar og 4-16 dagar er meir stabilt. Ser ein på dei 4 siste kvartala (figur 5), har langtidsfråværet variert frå 0,5 % til 6,8 %.

Fråværet registrert i 2 kvartal 2018, er det lågaste verdien dei siste 3 åra.

*Figur 4: Sjukefråvær siste 3 år i administrasjonen*




*Figur 5: Sjukefråvær administrasjon fordelt på langtids- og korttids- fråvær*



**Sjukefråvær Sortering:**

| | 1-3 dagar | 4-16 dagar | >16 dagar | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| **Siste år:** | **0,4 %** | **0,4 %** | **2,9 %** | **3,7 %** |
| **Siste 3 år:** | **0,8 %** | **0,8 %** | **1,9 %** | **3,5 %** |

Langtidssjukefråværet er generelt lavt, med enkelte kvartalsvise utslag. Totalt har sjukefråværet gått opp siste året (3,7 %) sett i forhold til siste 3 år (3,5 %).

Langtidssjukefråværet har auka frå 1,9 % siste 3 år til 2,9 % siste året.

Totalt er sjukefråværet likevel lavt.

*Figur 6: Sjukefråvær siste 3 år sorteringsavdelinga*



*Figur 7: Sjukefråvær sortering fordelt på langtids- og korttids- fråvær*




**Sjukefråvær Utedrift:**

| | 1-3 dagar | 4-16 dagar | >16 dagar | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| **Siste år:** | **1,4 %** | **1,1 %** | **9,0 %** | **11,5 %** |
| **Siste 3 år:** | **1,7 %** | **1,3 %** | **6,6 %** | **9,6 %** |

Totalt har sjukefråværet gått opp siste året (11,5 %) sett i forhold til siste 3 år (9,6 %).

Langtidsfråvær utgjer størstedelen av fråværet på denne avdelinga. Langtidsfråværet har auke til 9% sett i forhold til siste 3 år der langtidsfråværet var på 6,6 %.

*Figur 8: Sjukefråvær siste 3 år utedrift*




*Figur 9: Sjukefråvær siste år fordelt på korttids og langtidsfråvær*



**Sjukefråvær Renovasjonsbilar:**

| | 1-3 dagar | 4-16 dagar | >16 dagar | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| **Siste år:** | **0,3 %** | **1,2 %** | **0,7 %** | **2,1 %** |

Sjåførane vart tilsett i NGIR i 4 kvartal 2017. Sjukefråværet er svært lavt. Totalen for sjukefråvær mindre enn 16 dagar ligg under 2 % for alle kvartal.



**STYREMØTE**

Møtedato: 08.10.18 Sak nr: 23/18 Sakshandsamar: Hilde Lysø

# Kommunesamanslåing – trong for endring av selskapsavtale

**Vedlegg:**
- *NGIR sin selskapsavtale med framlegg til endringar som representantskapet har mynde til å vedta med 2/3 fleirtal*
- *NGIR sin selskapsavtale med framlegg til endringar som må godkjennast av alle medlemskommunane*
- *Relevante utdrag frå Lov om interkommunale selskap, Lov om aksjeselskap, Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker, Lov om kommuner og fylkes-kommuner*

**Saksutgreiing**

Sjå orientering/saksutgreiing i styresak 19e/17, styresak 24/17, i representantskapssak 12/17, protokoll frå representantskapsmøte 05.03.18, og saksutgreiing til representantskapssak 12/18. I sistnemnde sak gjorde representantskapet følgjande vedtak:

> *"Representantskapet ber styret i NGIR om å leggja fram forslag til naudsynte endringar i NGIR sin selskapsavtale, knytt til etableringa av Alver kommune, til representantskapsmøtet hausten 2018."*

Dette vedtaket kom m.a. som følgje av orienteringa som Ørjan Raknes Forthun (som i dag er rådmann i Lindås kommune, og som vil verta rådmann i den nye Alver kommune) hadde i starten av representantskapsmøtet:

> *"Forthun informerte om organisering og leiarstruktur i nye Alver kommune, og om alle delprosjekta som er sette i gong for å førebu den nye kommunen. Til no er om lag*

*100 prosjekt definert, og «Prosjekt IKS og eigarskap» vil venteleg ha fokus frå 1.1.2019 til midten av 2020.*

*Forthun gjorde greie for korleis den politiske overgongen til ny kommune vil verta, og kva mynde Fellesnemnda har i samband med dette. Det er Forthun sitt syn at Fellesnemnda ikkje kan gjera vedtak om endringar i selskapsavtalen for NGIR, og at det difor må vera det nyvalde kommunestyret for Alver kommune (valt av innbyggjarane i Lindås, Meland og Radøy kommunar ved kommunevalet i september 2019) som i nov./des. 2019 vedtek naudsynte justeringar i NGIR sin selskapsavtale, slik at NGIR sine vedtekter har ein korrekt ordlyd når Alver kommune vert ein realitet frå 01.01.2020. Forthun understreka at det er særs mange formalitetar som må på plass kring etableringa av Alver kommune, og at det difor berre vil vera kapasitet til å gjera endringar av "formell karakter" i NGIR sin selskapsavtale før den nye kommunen er etablert. Forthun kan ikkje sjå at det skal by på problem å få gjort likelydande vedtak knytt til dette i alle kommunestyra i NGIR-kommunane hausten/vinteren 2019. Forthun varsla at Alver kommune truleg vil koma tilbake til ein meir omfattande gjennomgong av NGIR sine vedtekter på eit seinare tidspunkt, der t.d. representasjon i styrande organ vert tema. (Tilsvarande prosessar vil og verta gjennomført for andre IKS som Alver kommune skal delta i.)"*

Administrasjonen har gått gjennom NGIR sin gjeldande selskapsavtale, og sett på kva endringar som er naudsynte å gjera som følgje av etableringa av Alver kommune. Då det er grunn til å tru at det kan gå noko tid etter 01.01.2020 før selskapsavtalen til NGIR vert revidert på nytt, kan det vera tenleg å no og få på plass ein del andre "justeringar", som t.d. "språkvask" og å oppdatera referansar til anna lovverk. Nokre stader er innhald/formuleringar og føreslått endra som følgje av endra praksis (t.d. at protokollar frå representantskapsmøte og styremøte vert sendt til alle varamedlemmer, no som dette er enkelt å gjera per e-post). Administrasjonen har og bede jurist hjå KS Bedrift om innspel til gjeldande selskapsavtale, og nokre endringar er føreslått på grunnlag av dette.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det fastsett kva paragrafar som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som berre kan endrast etter godkjenning i alle medlemskommunane. (Dette er og regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale.) I den vidare sakshandsaminga vil dagleg leiar rå styret til å rå representantskapet til å gjera vedtak om dei endringane som dei har mynde til å gjera, og å senda revidert selskapsavtale – med framlegg til ytterlegare endringar – til alle medlemskommunane for godkjenning. Basert på orienteringa som Ørjan Raknes Forthun gav på NGIR sitt årsmøte, vil dagleg leiar tilrå at kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bede om å handsama saka våren 2019, og å gjera

vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Vidare vil dagleg leiar tilrå at kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak**

Styret rår representantskapet til å vedta dei føreslegne endringane i dei paragrafane i selskapsavtalen som representantskapet har mynde til å endra med 2/3 fleirtal, jf. § 33. For endringane i dei paragrafane som må godkjennast av alle medlemskommunane rår styret representantskapet til å tilrå dei føreslegne endringane for kommunane. Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

*Lov om interkommunale selskap*

**§ 4** ***Selskapsavtale***

For interkommunalt selskap skal det opprettes en skriftlig selskapsavtale.For de enkelte deltakere skal kommunestyret eller fylkestinget selv vedta avtalen. For deltaker som er interkommunalt selskap, vedtas selskapsavtalen av representantskapet. Vedtaket krever tilslutning fra samtlige medlemmer av representantskapet med mindre annet er fastsatt i selskapsavtalen for det deltakende selskap.

Endringer i selskapsavtalen som gjelder forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på samme måte. Andre endringer vedtas av representantskapet med tilslutning fra minst to tredeler av de avgitte stemmer med mindre det er avtalt at også slike endringer skal vedtas i samsvar med regelen i første punktum.

Selskapsavtalen skal i det minste angi følgende:

1. selskapets foretaksnavn;
2. angivelse av deltakerne;
3. selskapets formål;
4. den kommune der selskapet har sitt hovedkontor;
5. antall styremedlemmer;
6. deltakernes innskuddsplikt og plikt til å foreta andre ytelser overfor selskapet;
7. den enkelte deltakers eierandel i selskapet og den enkelte deltakers ansvarsandel i selskapet dersom denne avviker fra eierandelen;
8. antall medlemmer av representantskapet og hvor mange medlemmer den enkelte deltaker oppnevner;
9. annet som etter lov skal fastsettes i selskapsavtalen.

*0 Endret ved lov 5 sep 2003 nr. 91 (ikr. 1 mars 2004 iflg. res. 5 sep 2003 nr. 1118).*

*Lov om interkommunale selskap*

**§ 10** ***Styret og styrets sammensetning***

Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.

Styremedlemmene velges av representantskapet med de unntak som er nevnt i denne paragrafen. Representantskapet kan når som helst fjerne et styremedlem som det selv har valgt.

Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.

Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret.

Styremedlemmene velges for to år med mindre annet er avtalt. Valgperioden kan ikke settes lengre enn til fire år. Styremedlemmer tjenestegjør inntil nye medlemmer er valgt, selv om tjenestetiden er gått ut. Bestemmelsene i første og annet punktum gjelder ikke for styremedlemmer som er valgt av de ansatte etter åttende, niende eller tiende ledd i paragrafen her.

Når særlige forhold foreligger, har et styremedlem rett til å tre tilbake før valgperioden er ute. Om tilbaketreden skal det gis rimelig forhåndsvarsel til styret og til representantskapet.

I selskap som har 30 eller færre ansatte, har representanter for de ansatte i selskapet tilsvarende møterett i styret som etter kommuneloven § 26 nr. 1.

I selskap som har flere enn 30 ansatte, kan et flertall av de ansatte kreve at ett styremedlem og en observatør med varamedlemmer velges av og blant de ansatte.

I selskap som har flere enn 50 ansatte, kan et flertall av de ansatte kreve at inntil en tredel, men minst to, av styrets medlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte.

Har selskapet flere enn 200 ansatte, skal de ansatte velge et styremedlem og varamedlem i tillegg til den representasjon som følger av niende ledd. Det kan inngås avtale mellom selskapet og fagforening som omfatter to tredeler av de ansatte eller et flertall av de ansatte, om at de ansatte istedenfor dette styremedlemmet skal velge to observatører og varamedlemmer.

Hvis selskapet har myndighet til å treffe enkeltvedtak eller fastsette forskrifter, jf. forvaltningsloven § 2, skal de ansattes representanter i styret ikke delta i behandlingen av disse sakene.

Kongen kan gi forskrift om beregningen av antall ansatte, herunder om bruk av gjennomsnittstall. Kongen kan også gi forskrift om valget, herunder om vilkår for stemmerett og valgbarhet, valgmåten og om avgjørelse av tvister om valget, samt om bortfall av verv som styremedlem. Kongen kan gjøre unntak fra syvende, åttende, niende og tiende ledd.

*0 Endret ved lov 19 des 2003 nr. 120 (ikr. 1 jan 2004). Endres ved lov 22 juni 2018 nr. 83 (ikr. fra den tid Kongen bestemmer).*

**Lov om aksjeselskap**

**§ 20-6** ***Representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskaper***

(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.

(2) Første ledd gjelder ikke styremedlemmer som skal velges blant de ansatte etter § 6-4 eller § 6-35 jf. allmennaksjeloven § 6-37 første ledd. Når det skal velges to eller flere styremedlemmer som nevnt i første punktum, skal begge kjønn være representert. Det samme gjelder for varamedlemmer. Annet og tredje punktum gjelder ikke dersom et av kjønnene utgjør mindre enn 20 prosent av samlet antall ansatte i selskapet på det tidspunkt valget skjer.

(3) Første og annet ledd gjelder tilsvarende for aksjeselskap som er heleid datterselskap til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap, eller til statsforetak.

0 *Tilføyd ved lov 19 des 2003 nr. 120 (ikr. 1 jan 2004), endret ved lov 15 des 2006 nr. 88 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 15 des 2006 nr. 1432).*

**Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)**

**§ 2** ***(definisjoner)***

I denne lov menes med:

a) vedtak, en avgjørelse som treffes under utøving av offentligmyndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter);

b) enkeltvedtak, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer;

c) forskrift, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer;

d) offentligtjenestemann, en embetsmann eller annen som er ansatt i statens eller en kommunes tjeneste;

e) part, person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.

f) dokument: en logisk avgrensetinformasjonsmengde som er lagret på et medium for senere lesing, lytting, framføring, overføring eller lignende.

g) skriftlig: også elektronisk melding når informasjonen i denne er tilgjengelig også for ettertiden;

h) nedtegning, nedskriving og protokollering: også elektronisk nedtegning når dette oppfyller hensynene bak nedtegningen i like stor grad som nedtegning på papir.

Avgjørelse som gjelder ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed eller forflytting av offentligtjenestemann, regnes som enkeltvedtak. Det samme gjelder vedtak om å ileggeoffentligtjenestemann ordensstraff eller tilstå ham pensjon. Kongen kan bestemme hva som i tvilstilfelle skal regnes som enkeltvedtak etter dette ledd, eller at andre saker om offentligetjenesteforhold skal regnes som enkeltvedtak.

Som enkeltvedtak reknes også avgjørelser som gjelder avvising av en sak eller bruk av særligetvangsmidler for å få gjennomført et vedtak.

Et forvaltningsorgan likestilles med privat rettssubjekt ved anvendelse av første ledd dersom organet har samme interesse eller stilling i saken som private parter kan ha.

0 Endret ved lover 19 juni 1969 nr. 54, 27 mai 1977 nr. 40, 15 des 2000 nr. 98 (ikr. 1 apr 2001 iflg. res. 2 mars 2001 nr. 179), 21 des 2001 nr. 117 (ikr. 1 jan 2002 iflg. res. 21 des 2001 nr. 1475), 19 mai 2006 nr. 16 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 17 okt 2008 nr. 1118).

**Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)**

**§ 40 …. *Inhabilitet. …***

3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:

a. Inhabilitet inntrer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.

b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.

c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

***Lov om interkommunale selskap***

**§ 22** ***Lån, garantier og finansiell risiko***

Selskapet kan bare ta opp lån dersom dette er fastsatt i selskapsavtalen. Dersom selskapet skal kunne ta opp lån, skal avtalen inneholde et tak for selskapets samlede låneopptak.

Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringer i bygninger, anlegg og varige driftsmidler til eget bruk, og for å konvertere eldre lånegjeld. Det kan ikke tas opp lån etter første punktum for den delen av anskaffelseskost som tilsvarer rett til kompensasjon for merverdiavgift etter lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. Selskapet kan ta opp likviditetslån eller inngå avtale om likviditetstrekkrettighet.

Dersom en av deltakerne er underlagt reglene i kommuneloven § 60, skal selskapets vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre selskapet utgifter utover de fire neste budsjettår, godkjennes av departementet.

Selskapets samlede lånegjeld etter andre ledd første punktum skal avdras med like årlige avdrag. Gjenstående løpetid for selskapets samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for selskapets anleggsmidler ved siste årsskifte.

Selskapets likviditetslån eller benyttet trekkrettighet etter andre ledd tredje punktum skal være gjort opp senest når årsregnskapet fastsettes. Foreligger det regnskapsunderskudd som etter økonomiplanen skal dekkes over flere år, kan løpetiden for likviditetslånet forlenges tilsvarende inndekningsperioden.

Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andres økonomiske forpliktelser.

Selskapet skal forvalte sine midler slik at tilfredsstillende avkastning kan oppnås, uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hensyn til at selskapet skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall.

Avtale i strid med bestemmelsene i første, tredje og sjette ledd er ugyldig.

0 *Endret ved lov 8 feb 2013 nr. 7 (ikr. 1 jan 2014 iflg. res. 8 feb 2013 nr. 144). Endres ved lov 22 juni 2018 nr. 83 (ikr. fra den tid Kongen bestemmer).*

***Lov om interkommunale selskap***

**§ 25*Salg av selskapets faste eiendommer m.v.***

Vedtak om

1. å avhende eller pantsette fast eiendom eller andre større kapitalgjenstander eller
2. å foreta investeringer som er av vesentlig betydning for selskapet eller en eller flere av deltakerne,

må treffes av representantskapet etter forslag fra styret.

# SELSKAPSAVTALE FOR NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS

Sist revidert av representantskapet ~~30.05.2011~~ 29.10.2018

Kommentert [HL1]: Aktuell dato

## § 1 Heimel

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) er eit interkommunalt selskap, stifta med heimel i lov om interkommunale selskap.

## § 2 Deltakarar

Følgjande kommunar er medlemmer i selskapet:

- Austrheim
- Fedje
- Gulen
- Lindås
- Masfjorden
- Meland
- Modalen
- Radøy
- Solund

Andre kommunar har høve til å søkja medlemskap.

## § 3 Føremål

Innanfor det tenesteområde og omfang som eigarkommunane bestemmer gjennom NGIR sitt representantskap, kan NGIR eiga selskap, eller delar av selskap, eigedommar og driftsmidlar, førestå planlegging av tenester, bestilla tenester og varer, administrera utøving av tenester, føreståt rådgjeving, samt utforma forskrifter og fatta einskildvedtak, føreståt forvaltning og utøva kontroll, der dette ikkje kjem i strid med særlovar.

NGIR skal vera eit selskap med høg kompetanse innan avfallshandsaming, og skal til ei kvar tid vera pådrivar for og utviklar av gode avfallsløysingar. Dette inneber:

1. Å vera pådrivar i arbeidet for reduserte avfallsmengder og auka gjenvinning.

2. Å samordna arbeidet med utarbeiding og oppfølging av avfallsplanar for medlems-kommunane, og å utarbeida framlegg til planar for felles tiltak og aktivitetar.

3. Å planleggja, byggja og driva anlegg for mottak, sortering og gjenvinning av avfall og slam.

4. Å stå for omsetnad av gjenvinningsprodukt frå avfall og slam.

5. Å planleggja, byggja og driva anlegg som sikrar ei miljømessig og samfunns-økonomisk forsvarleg sluttbehandling av restavfall.

6. Å stå for oppsamling, innsamling og transport av avfall og slam.

NGIR bør søkja samarbeid med medlemskommunane eller andre kommunar, regionar og selskap for å nå desse måla.

NGIR sine hovudoppgåver gjeld det hushaldsavfallet som kommunane har ansvar for, men selskapet kan og utføra tilsvarande oppgåver for næringsavfall og farleg avfall.

NGIR kan ta på seg alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pkt. 1 - 6.

NGIR avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

Grunnlaget for innbetaling til NGIR per abonnent frå kommunane for tenester som gjeld det hushaldsavfallet kommunane har ansvar for, skal vera likt for alle medlemskommunane.

Dette prinsippet skal og så langt som det er økonomisk forsvarleg gjelda for alt anna avfall som NGIR handsamar.

NGIR har ikkje til føremål å gje forteneste (utbytte) til eigarane.

## § 4 Hovudkontor

NGIR har sitt hovudkontor i Lindås kommune.

## § 5 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet vert fastlagd som ein prosentdel i høve til folketalet.

Folketalet per 01.01.2016 er utgangspunkt for denne prosentdelinga:

| Kommune | Poststad | Org.nr | Folketal | % |
|---|---|---|---|---|
| Austrheim | 5943 Austrheim | 948350823 | 2 858 | 7,69 % |
| Fedje | 5947 Fedje | 944041036 | 576 | 1,55 % |
| Gulen | 5967 Eivindvik | 938497524 | 2 371 | 6,38 % |
| Lindås | 5914 Isdalstø | 935084733 | 15 607 | 41,99 % |
| Masfjorden | 5981 Masfjordnes | 945627913 | 1 701 | 4,58 % |
| Meland | 5918 Frekhaug | 951549770 | 7 812 | 21,02 % |
| Modalen | 5729 Modalen | 964969302 | 381 | 1,03 % |
| Radøy | 5931 Manger | 954748634 | 5 077 | 13,66 % |
| Solund | 6924 Hardbakke | 964967458 | 785 | 2,11 % |
| Sum | | | 37 176 | 100,00 % |

Delingshøvet vert justert kvart 4. år, neste gong per 01.01.2020, og ved opptak av nye medlemmer i selskapet.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

## § 6 Innskotsplikt

Eigenkapitalen til selskapet er kr 100 000. Innskot av eigenkapital skal skje i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel, slik denne er fastlagd i § 5.

## § 7 Selskapet si leiing

NGIR vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ.

## § 8 Medlemmer i representantskapet

Representantskapet i NGIR skal ha 3 medlemmer frå Lindås og 2 frå kvar av dei andre medlemskommunane.

Kommunestyret oppnemnar sine representantskapsmedlemmer, og ein varamedlem meir enn faste medlemmer. Minst halvparten av medlemmene og varamedlemmene frå kvar kommune skal vera medlem i kommunestyret.

Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vera medlem i representantskapet.

Medlemmer i representantskapet vert valde for 4 år. Kommunestyret kan føreta nyval i valperioden. I så fall gjeld nyvalet for resten av valperioden.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

## § 9 Representantskapet sitt mynde

Medlemskommunane utøvar sitt mynde i NGIR gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt (jf. § 3) og i samsvar med lover, vedtekter og andre vedtak og retningsliner fastlagde av medlems-kommunane.

Representantskapet skal:

1. Godkjenna selskapet si årsmelding.
2. Fastsetja selskapet ~~sitt~~ sin årsrekneskap.
3. Velja revisor og fastsetja godtgjersle for revisjon.
4. Fastsetja godtgjersle til representantskap og styre.
5. Velja leiar og nestleiar i representantskapet.
6. Velja medlemmer og varamedlemmer til styret.
7. Velja leiar og nestleiar til styret.
8. Velja medlemmer og varamedlemmer til valnemnd.
9. Vedta økonomiplan for selskapet.

**Kommentert [HL2]:** Språkvask

10. Vedta selskapet sitt årsbudsjett.

11. Gjera vedtak om endringar i gebyrregulativet.

12. Gjera vedtak om å ta opp lån.

~~12.~~13. Gjera vedtak om sal av fast eigedom og andre større kapitalgjenstandar.

~~13.~~14. Gje fullmakter til styret.

~~14.~~15. Gjera vedtak om endringar i vedtektene for selskapet.

~~15.~~16. Handsama andre saker som styret eller andre ønskjer at representantskapet skal handsama, og som er meldt til styret innan 6 veker før møtet i representantskapet.

Representantskapet skal som hovudregel handsama punkt 1-4 og punkt 6-7 på årsmøtet, som skal haldast innan utgangen av mai månad kvart år. Punkt 9-11 skal representantskapet handsama på budsjettmøtet, som skal haldast innan utgangen av oktober kvart år. Etter kommuneval skal det haldast konstituerande møte for nytt representantskap. På dette møtet skal representantskapet handsama punkt 5 og 8. Dei andre punkta skal representantskapet handsama når dei finn det nødvendig.

**Kommentert [HL3]:** Lovverk

## § 10 Valnemnd

Representantskapet vel på konstituerande møte ei valnemnd på 3 medlemmer og 2 varamedlemmer frå representantskapet. Valnemnda skal førebu og koma med framlegg til vedtak i val representantskapet skal føreta, jf. § 9, pkt. 5, 6, 7 og 8.

Representantskapet utarbeid~~a~~er retningsliner for valnemnda sitt arbeid. Administrasjonen i selskapet er sekretær for valnemnda.

**Kommentert [HL4]:** Språkvask

## § 11 Innkalling til møte i representantskapet

Leiaren i representantskapet innkallar til møte når det er nødvendig for handsaming av saker som etter lova eller vedtektene skal handsamast av representantskapet, og når det elles er nødvendig for handsaming av ei bestemt sak. Representantskapet skal også kallast inn når styret, revisor, minst ein av kommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemmer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal sendast med minst 4 vekers varsel, og innehalda saksliste. Varamedlemmer og medlemskommunane skal med same frist verta varsla om innkallinga og sakslista. Representantskapsmedlemmene og medlemskommunane skal ~~motta~~få nødvendige sakspapir og styret sitt framlegg til vedtak minst 14 dagar før møte i representantskapet.

Leiaren i representantskapet kan kalla inn til møte med kortare frist dersom dette er påtrengjande nødvendig.

## § 12 Sakshandsaming i representantskapet

Kvar representant har ei røyst. Representantskapet er vedtaksført når minst to tredelar av medlemmene er til stades. Med mindre anna er fastlagt i lova eller i desse vedtektene, vert vedtak i representantskapet gjorde med simpelt fleirtal. Ved like røystetal er møteleiaren si røysting avgjerande. Ved val, tilsetjingar og spørsmål om inhabilitet gjeld kommunelova sine røystereglar.

Saker som representantane ikkje er orienterte om etter dei reglar som gjeld for innkalling, jf. § 11, kan representantskapet ikkje handsama med mindre alle representantar samtykkjer. Forutan dei som har rett til å krevja representantskapet innkalla etter § 11, kan styreleiar og dagleg leiar be om at ei sak vert handsama som nemnt over.

Styremedlemmer og dagleg leiar har generell møte- og talerett, men representantskapet kan oppheva denne retten i einskildsaker. Styreleiar og dagleg leiar har generell møteplikt, men denne kan fråvikast dersom frammøte er klårt unødvendig, eller det føreligg gyldig forfall.

Det skal førast protokoll frå møtet. Møteprotokollen skal skrivast under av møteleiar og to andre medlemmer i representantskapet, som vert valde ved starten på møtet. Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak ført inn i protokollen. ~~Utskrift av p~~Protokollen skal sendast til representantskapsmedlemme~~r~~ne, ~~1.~~ varamedlemme~~r~~ne i representantskapet, styremedlemme~~r~~ne, varamedlemmene i styret, og medlemskommunane etter kvart møte.

## § 13 Styremedlemmer

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett. Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene

**Kommentert [HL5]:** Språkvask

**Kommentert [HL6]:** Språkvask

**Kommentert [HL7]:** Gjeldande praksis + Språkvask

er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finna stad.

Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- Personlege kvalifikasjonar for oppgåva
- Kontinuitet i styrearbeidet
- At likestillingslova sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast
- Geografisk fordeling i NGIR-regionen *

* Eitt styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Lindås.

I tillegg kjem eventuelle tilsetterepresentantar i samsvar med § 10 i Lov om interkommunale selskap.

## § 14 Styret sitt mynde

Styret har ansvaret for forvaltinga av selskapet. Dette inneber å syta for ei tilfredsstillande organisering av selskapet, og å sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, vedtektene, årsbudsjettet og andre vedtak og retningsliner fastlagde av representantskapet og medlemskommunane.
Styret tilset dagleg leiar, og fastset løns- og arbeidsvilkår for denne. Styret skal føra tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

Styret skal, så langt råd er, førebu saker for representantskapet, og koma med framlegg til vedtak.

## § 15 Innkalling til styremøte

Styreleiaren kallar inn til møte når han/ho finn det nødvendig, eller når dagleg leiar eller eit styremedlem krev det.

Innkalling til styremøte skal skje med minst 6 dagars varsel, og innkallinga skal innehalda saksliste og saksdokument. Varamedlem og medlemskommunane skal med same frist verta varsla om innkallinga og sakslista, og få tilsendt saksdokument.

Styreleiar kan kalla inn til møte med kortare frist dersom dette er påtrengjande nødvendig.

**Kommentert [HL8]:** Språkvask

## § 16 Sakshandsaminga i styret

Kvar styremedlem har ei røyst. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Vedtak vert gjorde med simpelt fleirtal. Talet på dei som røyster for eit vedtak må likevel utgjera meir enn ein tredel av det totale talet på styremedlemmer for at eit vedtak skal vera gyldig. Ved like røystetal er møteleiaren si røysting avgjerande.

Leiar i representantskapet og dagleg leiar har møte- og talerett med mindre styret har bestemt noko anna for særskilde saker.

Det skal førast møteprotokoll som skal skrivast under av alle styremedlemmer som er til stades. Dagleg leiar, leiar i representantskapet og styremedlemmer som er usamde i vedtak, har rett til å få sitt syn på ei sak ført inn i protokollen. ~~Utskrift av p~~Protokollen skal sendast til styremedlemmene, varamedlemmene i styret, representantskapsmedlemmene, varamedlemmene i representantskapet, og medlemskommunane etter kvart møte.

**Kommentert [HL9]:** Gjeldande praksis

## § 17 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrera selskapet etter dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som i høve til selskapet sin storleik, drift eller føremål er av uvanleg art eller storleik. Slike saker kan dagleg leiar berre avgjera når styret i den einskilde sak har gjeve dagleg leiar mynde til dette, eller når ein ikkje utan vesentleg ulempe for selskapet si verksemd kan venta på styrevedtak. Styret skal i så fall straks få melding om saka.

## § 18 Inhabilitet

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmer i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kap. 2 og kommunelova § 40 nr. 3.

## § 19 Forplikting av selskapet

Styret representerer og forpliktar selskapet overfor andre. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikta selskapet, og avgjera at dei som har slik rett, må utøva denne i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet overfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt mynde i samsvar med § 17.

## § 20 Inntektene til selskapet

For hushaldsavfall som vert levert direkte til NGIR sine gjenvinningsstasjonar vert gebyr betalt direkte til selskapet av leverandørane i høve til vekt eller volum. Betalingssatsar vert fastsette av styret.

Betalingssatsar for næringsavfall vert fastsett av styret, og kan delegerast til dagleg leiar.

For hushaldsavfall som vert henta ved den vanlege renovasjonsordninga betalar kommunane til selskapet etter gebyrordning og gebyrsatsar som vert fastlagde av representantskapet. Grunnlaget for innbetalinga til selskapet frå kommunane skal vera likt for alle kommunane, jf. § 3.

For hushaldsavfall betalar kommunane forskotsvise á-kontosummar til selskapet kvart kvartal på grunnlag av vedteke budsjett. Sluttrekning på grunnlag av faktiske tal vert send når dette talgrunnlaget ligg føre frå kommunane og selskapet. Alternativt kan NGIR, etter avtale med den einskilde kommune, og på vegne av kommunen, fakturera abonnentane direkte, også for avfall som vert henta ved den vanlege renovasjonsordninga.

## § 21 Årsbudsjett

NGIR er ikkje avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen, og selskapet fastset sitt eige årsbudsjett. Administrasjonen i selskapet utarbeidar framlegg til budsjett i samsvar med gjeldande økonomiplan for selskapet. Framlegg til budsjett vert så handsama av styret, som legg det fram for representantskapet. Det er representantskapet som gjer bindande vedtak om selskapet sitt årsbudsjettet.

Årsbudsjettet skal setjast opp slik at det gjev eit realistisk bilete av verksemda og det forventa økonomiske resultatet av drifta.

## § 22 Budsjettavvik

Dersom det synest å verta vesentleg svikt i inntekter eller vesentleg auke av utgifter i høve til budsjettet, skal styret straks gje melding om dette til leiaren i

representantskapet. Denne skal kalla inn til møte i representantskapet, der styret gjer greie for budsjettavviket og legg fram forslag til revidert budsjett.

## § 23 Økonomiplan

Representantskapet vedtek selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatta dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som t.d. investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalda eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

## § 24 Låneopptak

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr 40 millionar.

Det kan også takast opp lån til likviditetsføremål. Slikt lån må gjerast opp før rekneskapsavslutning vedkomande budsjettår. Dersom det er rekneskapsunderskot som etter økonomiplanen skal dekkjast over fleire år, kan motsvarande lån betalast tilbake over det same tidsrommet.

Vedtak i selskapet om å ta opp lån må godkjennast av departementet.

## § 25 Utlegg, arrest m.v.

Selskapet sin eigedom kan ikkje vera gjenstand for utlegg eller arrest. Konkurs og gjeldsforhandlingar etter lov av 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandlingar eller konkurs kan ikkje opnast i selskapet.

## § 26 Rekneskap

Selskapet har rekneskapsplikt etter rekneskapslova. Representantskapet fastset selskapet sitt rekneskap.

## § 27 Revisjon

Selskapet skal ha revisor som vert valt av representantskapet, jf. lov om IKS, § 28. Revisorlova gjeld ikkje.

**Kommentert [HL10]:** Gjeldande lovverk

## § 28 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer må godkjennast av alle medlemskommunane.

Ved opptak av nye medlemmer må §§ 2 og 5 i selskapet sine vedtekter endrast.

Nye medlemmer skal innbetala ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal svara til den nye medlemmen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital.

## § 29 Avfall frå andre enn medlemskommunane

Selskapet kan ta imot avfall som oppstår utanfor NGIR-regionen. Vilkåra ved levering av større mengder avfall utanfrå NGIR-regionen skal vera regulert i skriftleg avtale. Ved mottak av meir enn ~~1 000~~ 5 000 tonn eksternt avfall per år (til deponi) skal styret verta orientert. Ved mottak av meir enn ~~5 000~~ 10 000 tonn eksternt avfall per år (til deponi) skal representantskapet verta orientert.

**Kommentert [HL11]:** Oppjustert mengde + Presisering

## § 30 Oppseiing av medlemskap

Ein kommune kan med eitt års skriftleg varsel seia opp medlemskapen i selskapet og krevja seg utløyst frå dette. Utløysingssumma vert fastlagd til nettoverdien av kommunen sitt innskot når oppseiingsfristen går ut. Summen skal ikkje vera høgare enn verdien av dei midlane kommunen har innbetalt.

Den kommunen som går ut av selskapet, heftar framleis for sin del av den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet.

Representantskapet fastset ny prosentdeling og representasjon etter utmelding.

Oppseiing av avtalen om interkommunalt samarbeid kan påklagast til departementet av selskapet sitt representantskap, eller den einskilde kommune, innan ein månad. Departementet kan gje pålegg om at samarbeidet skal halda fram i eit nærare avgrensa

tidsrom eller inntil vidare dersom samfunnsmessige interesser eller omsynet til dei samarbeidande kommunane tilseier dette.

## § 31 Utelukking

Dersom ein medlem vesentleg misslegheld sine forpliktingar i selskapet, kan dei andre medlemmene samrøystes vedta at vedkommande medlem skal verta utelukka. Den som vert vedtatt utelukka, skal verta varsla skriftleg, og medlemmen misser umiddelbart retten til å ha representantar i representantskapet.

Den som vert utelukka har krav på utløysing i selskapet etter same reglar som for oppseiing, men heftar framleis for sin del av den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen vert utelukka. Representantskapet fastset ny prosentdeling og representasjon etter utelukking.

## § 32 Oppløysing

Selskapet kan oppløysast dersom deltakarane er einige om det. Den einskilde medlemskommune må sjølv gjera vedtak om oppløysing. Oppløysing av selskapet må godkjennast av departementet. Gjennomføringa av ei eventuell avvikling skal skje etter retningsliner som vert nærare fastlagde av departementet.

## § 33 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene § 1 t.o.m. § 6 og §§ 8, 13, 28, 31, 32 og 33 må godkjennast av alle medlemskommunane. Andre endringar kan representantskapet vedta med 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene.

## § 34 Voldgift

Tvist om tolking av vedtektene vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistemålslova.

**Kommentert [HL12]:** Språkvask

**Kommentert [HL13]:** Språkvask

# SELSKAPSAVTALE FOR NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS

Sist revidert av representantskapet 29.10.2018.
Sist revidert av medlemskommunane i 2019; gjeldande frå 01.01.2020*.

** Føreset at alle kommunane gjer likelydande vedtak.*

## § 1 Heimel

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) er eit interkommunalt selskap, stifta med heimel i lov om interkommunale selskap.

## § 2 Deltakarar

Følgjande kommunar er medlemmer i selskapet:

- Alver
- Austrheim
- Fedje
- Gulen
- ~~Lindås~~
- Masfjorden
- ~~Meland~~
- Modalen
- ~~Radøy~~
- Solund

**Kommentert [HL1]:** Etablering av Alver kommune

Andre kommunar har høve til å søkja medlemskap.

## § 3 Føremål

Innanfor det tenesteområde og omfang som eigarkommunane bestemmer gjennom NGIR sitt representantskap, kan NGIR eiga selskap, eller delar av selskap, eigedommar og driftsmidlar, føresta planlegging av tenester, bestilla tenester og varer, administrera utøving av tenester, føresta rådgjeving, samt utforma forskrifter og fatta einskildvedtak, føresta forvaltning og utøva kontroll, der dette ikkje kjem i strid med særlovar.

NGIR skal vera eit selskap med høg kompetanse innan avfallshandsaming, og skal til ei kvar tid vera pådrivar for og utviklar av gode avfallsløysingar. Dette inneber:

1. Å vera pådrivar i arbeidet for reduserte avfallsmengder og auka gjenvinning.
2. Å samordna arbeidet med utarbeiding og oppfølging av avfallsplanar for medlems-kommunane, og å utarbeida framlegg til planar for felles tiltak og aktivitetar.
3. Å planleggja, byggja og driva anlegg for mottak, sortering og gjenvinning av avfall og slam.
4. Å stå for omsetnad av gjenvinningsprodukt frå avfall og slam.
5. Å planleggja, byggja og driva anlegg som sikrar ei miljømessig og samfunns-økonomisk forsvarleg sluttbehandling av restavfall.
6. Å stå for oppsamling, innsamling og transport av avfall og slam.

NGIR bør søkja samarbeid med medlemskommunane eller andre kommunar, regionar og selskap for å nå desse måla.

NGIR sine hovudoppgåver gjeld det hushaldsavfallet som kommunane har ansvar for, men selskapet kan og utføra tilsvarande oppgåver for næringsavfall og farleg avfall.

NGIR kan ta på seg alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pkt. 1 - 6.

NGIR avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane, ~~eller~~ private næringsdrivande eller andre offentleg eigde selskap.

**Kommentert [HL2]:** Gjeldande praksis / endra lovverk

Grunnlaget for innbetaling til NGIR per abonnent frå kommunane for felles tenester som gjeld det hushaldsavfallet kommunane har ansvar for, skal vera likt for alle medlemskommunane.

**Kommentert [HL3]:** Gjeldande lovverk

Dette prinsippet skal og så langt som det er økonomisk forsvarleg gjelda for alt anna avfall som NGIR handsamar.

~~NGIR har ikkje til føremål å gje forteneste (utbytte) til eigarane.~~

**Kommentert [HL4]:** Gjeldande lovverk

## § 4 Hovudkontor

NGIR har sitt hovudkontor i ~~Lindås~~ Alver kommune.

Kommentert [HL5]: Etablering av Alver kommune

## § 5 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet vert fastlagd som ein prosentdel i høve til folketalet.

Folketalet per 01.01.20~~16~~20 er utgangspunkt for denne prosentdelinga:

| Kommune | Poststad | Org.nr | Folketal | % |
|---|---|---|---|---|
| Alver | | | | |
| Austrheim | 5943 Austrheim | 948350823 | ~~2 858~~ | ~~7,69 %~~ |
| Fedje | 5947 Fedje | 944041036 | ~~576~~ | ~~1,55 %~~ |
| Gulen | 5967 Eivindvik | 938497524 | ~~2 371~~ | ~~6,38 %~~ |
| ~~Lindås~~ | ~~5914 Isdalstø~~ | ~~935084733~~ | ~~15 607~~ | ~~41,99 %~~ |
| Masfjorden | 5981 Masfjordnes | 945627913 | ~~1 701~~ | ~~4,58 %~~ |
| ~~Meland~~ | ~~5918 Frekhaug~~ | ~~951549770~~ | ~~7 812~~ | ~~21,02 %~~ |
| Modalen | 5729 Modalen | 964969302 | ~~381~~ | ~~1,03 %~~ |
| ~~Radøy~~ | ~~5931 Manger~~ | ~~954748634~~ | ~~5 077~~ | ~~13,66 %~~ |
| Solund | 6924 Hardbakke | 964967458 | ~~785~~ | ~~2,11 %~~ |
| Sum | | | ~~37 176~~ | 100,00 % |

Delingshøvet vert justert kvart 4. år, neste gong per 01.01.20~~20~~24, og ved ~~opptak av nye~~ endring av tal medlemmer i selskapet.

Kommentert [HL6]: Etablering av Alver kommune

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

## § 6 Innskotsplikt

Eigenkapitalen til selskapet er kr 100 000. Innskot av eigenkapital skal skje i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel, slik denne er fastlagd i § 5.

**§ 7 Selskapet si leiing**

NGIR vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ.

**§ 8 Medlemmer i representantskapet**

Representantskapet i NGIR skal ha ~~3~~7 medlemmer frå ~~Lindås~~Alver og 2 frå kvar av dei andre medlemskommunane.

**Kommentert [HL7]:** Etablering av Alver kommune

Kommunestyret oppnemnar sine representantskapsmedlemmer, og ein varamedlem meir enn faste medlemmer. Minst halvparten av medlemmene og varamedlemmene frå kvar kommune skal vera medlem i kommunestyret.

Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vera medlem i representantskapet.

Medlemmer i representantskapet vert valde for 4 år. Kommunestyret kan ~~føreta~~ gjennomføra nyval i valperioden. I så fall gjeld nyvalet for resten av valperioden.

**Kommentert [HL8]:** Språkvask

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

**§ 9 Representantskapet sitt mynde**

Medlemskommunane utøvar sitt mynde i NGIR gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt (jf. § 3) og i samsvar med lover, vedtekter og andre vedtak og retningsliner fastlagde av medlems-kommunane.

Representantskapet skal:

1. Godkjenna selskapet si årsmelding.
2. Fastsetja selskapet sin årsrekneskap.
3. Velja revisor og fastsetja godtgjersle for revisjon.
4. Fastsetja godtgjersle til representantskap og styre.
5. Velja leiar og nestleiar i representantskapet.

6. Velja medlemmer og varamedlemmer til styret.

7. Velja leiar og nestleiar til styret.

8. Velja medlemmer og varamedlemmer til valnemnd.

9. Vedta økonomiplan for selskapet.

10. Vedta selskapet sitt årsbudsjett.

11. Gjera vedtak om endringar i gebyrregulativet.

12. Gjera vedtak om å ta opp lån.

13. Gjera vedtak om sal av fast eigedom og andre større kapitalgjenstandar.

14. Gje fullmakter til styret.

15. Gjera vedtak om endringar i vedtektene for selskapet.

16. Handsama andre saker som styret eller andre ønskjer at representantskapet skal handsama, og som er meldt til styret innan 6 veker før møtet i representantskapet.

Representantskapet skal som hovudregel handsama punkt 1-4 og punkt 6-7 på årsmøtet, som skal haldast innan utgangen av mai månad kvart år. Punkt 9-11 skal representantskapet handsama på budsjettmøtet, som skal haldast innan utgangen av oktober kvart år. Etter kommuneval skal det haldast konstituerande møte for nytt representantskap. På dette møtet skal representantskapet handsama punkt 5 og 8. Dei andre punkta skal representantskapet handsama når dei finn det nødvendig.

## § 10 Valnemnd

Representantskapet vel på konstituerande møte ei valnemnd på 3 medlemmer og 2 varamedlemmer frå representantskapet. Valnemnda skal førebu og koma med framlegg til vedtak i val representantskapet skal føreta, jf. § 9, pkt. 5, 6, 7 og 8.

Representantskapet utarbeider retningsliner for valnemnda sitt arbeid. Administrasjonen i selskapet er sekretær for valnemnda.

## § 11 Innkalling til møte i representantskapet

Leiaren i representantskapet innkallar til møte når det er nødvendig for handsaming av saker som etter lova eller vedtektene skal handsamast av representantskapet, og når det elles er nødvendig for handsaming av ei bestemt sak. Representantskapet skal også kallast inn når styret, revisor, minst ein av kommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemmer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal sendast med minst 4 vekers varsel, og innehalda saksliste. Varamedlemmer og medlemskommunane skal med same frist verta varsla om innkallinga og sakslista. Representantskapsmedlemmene og medlemskommunane skal få nødvendige sakspapir og styret sitt framlegg til vedtak minst 14 dagar før møte i representantskapet.

Leiaren i representantskapet kan kalla inn til møte med kortare frist dersom dette er påtrengjande nødvendig.

## § 12 Sakshandsaming i representantskapet

Kvar representant har ei røyst. Representantskapet er vedtaksført når minst to tredelar av medlemmene er til stades. Med mindre anna er fastlagt i lova eller i desse vedtektene, vert vedtak i representantskapet gjorde med simpelt fleirtal. Ved like røystetal er møteleiaren si røysting avgjerande. Ved val, tilsetjingar og spørsmål om inhabilitet gjeld kommunelova sine røystereglar.

Saker som representantane ikkje er orienterte om etter dei reglar som gjeld for innkalling, jf. § 11, kan representantskapet ikkje handsama med mindre alle representantar samtykkjer. Forutan dei som har rett til å krevja representantskapet innkalla etter § 11, kan styreleiar og dagleg leiar be om at ei sak vert handsama som nemnt over.

Styremedlemmer og dagleg leiar har generell møte- og talerett, men representantskapet kan oppheva denne retten i einskildsaker. Styreleiar og dagleg leiar har generell møteplikt, men denne kan fråvikast dersom frammøte er klårt unødvendig, eller det føreligg gyldig forfall.

Det skal førast protokoll frå møtet. Møteprotokollen skal skrivast under av møteleiar og to andre medlemmer i representantskapet, som vert valde ved starten på møtet. Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak ført inn i protokollen. Protokollen skal sendast til representantskapsmedlemmene, varamedlemmene i representantskapet, styremedlemmene, varamedlemmene i styret, og medlemskommunane etter kvart møte.

## § 13 Styremedlemmer

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett. Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finna stad.

Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- Personlege kvalifikasjonar for oppgåva
- Den samla kompetansen i styret
- Kontinuitet i styrearbeidet
- ~~At likestillingslova sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast~~
- At reglane i IKS-lova § 10 / Aksjelova §20-6 om representasjon av begge kjønn i styret vert oppfylte
- Geografisk fordeling i NGIR-regionen *

* ~~Eitt~~ Minst eit styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen ~~Lindås~~ Alver.

I tillegg til styremedlemmer som nemnt over kjem eventuelle tilsetterepresentantar i samsvar med § 10 i Lov om interkommunale selskap.

I saker der selskapet har mynde til å treffa einskildvedtak eller fastsetja forskrifter, jf. forvaltningslova § 2, skal dei tilsette sine representantar i styret ikkje ta del i handsaminga av desse sakene.

**Kommentert [HL9]:** Tilråding frå KS

**Kommentert [HL10]:** Endra lovverk

**Kommentert [HL11]:** Etablering av Alver kommune

**Kommentert [HL12]:** Presisering

**Kommentert [HL13]:** Gjeldande lovverk

## § 14 Styret sitt mynde

Styret har ansvaret for forvaltinga av selskapet. Dette inneber å syta for ei tilfredsstillande organisering av selskapet, og å sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, vedtektene, årsbudsjettet og andre vedtak og retningsliner fastlagde av representantskapet og medlemskommunane.
Styret tilset dagleg leiar, og fastset løns- og arbeidsvilkår for denne. Styret skal føra tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

Styret skal, så langt råd er, førebu saker for representantskapet, og koma med framlegg til vedtak.

## § 15 Innkalling til styremøte

Styreleiaren kallar inn til møte når han/ho finn det nødvendig, eller når dagleg leiar eller eit styremedlem krev det.

Innkalling til styremøte skal skje med minst 6 dagars varsel, og innkallinga skal innehalda saksliste og saksdokument. Varamedlem og medlemskommunane skal med same frist verta varsla om innkallinga og sakslista, og få tilsendt saksdokument.

Styreleiar kan kalla inn til møte med kortare frist dersom dette er påtrengjande nødvendig.

## § 16 Sakshandsaminga i styret

Kvar styremedlem har ei røyst. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Vedtak vert gjorde med simpelt fleirtal. Talet på dei som røyster for eit vedtak må likevel utgjera meir enn ein tredel av det totale talet på styremedlemmer for at eit vedtak skal vera gyldig. Ved like røystetal er møteleiaren si røysting avgjerande.

Leiar i representantskapet og dagleg leiar har møte- og talerett med mindre styret har bestemt noko anna for særskilde saker.

Det skal førast møteprotokoll som skal skrivast under av alle styremedlemmer som er til stades. Dagleg leiar, leiar i representantskapet og styremedlemmer som er usamde i vedtak, har rett til å få sitt syn på ei sak ført inn i protokollen. Protokollen skal sendast til styremedlemmene, varamedlemmene i styret, representantskapsmedlemmene, varamedlemmene i representantskapet, og medlemskommunane etter kvart møte.

## § 17 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrera selskapet etter dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som i høve til selskapet sin storleik, drift eller føremål er av uvanleg art eller storleik. Slike saker kan dagleg leiar berre avgjera når styret i den einskilde sak har gjeve dagleg leiar mynde til dette, eller når ein ikkje utan vesentleg ulempe for selskapet si verksemd kan venta på styrevedtak. Styret skal i så fall straks få melding om saka.

## § 18 Inhabilitet

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmer i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kap. 2 og kommunelova § 40 nr. 3.

## § 19 Forplikting av selskapet

Styret representerer og forpliktar selskapet overfor andre. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikta selskapet, og avgjera at dei som har slik rett, må utøva denne i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet overfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt mynde i samsvar med § 17.

## § 20 Inntektene til selskapet

For hushaldsavfall som vert levert direkte til NGIR sine gjenvinningsstasjonar vert gebyr betalt direkte til selskapet av leverandørane i høve til vekt eller volum. Betalingssatsar vert fastsette av styret.

Betalingssatsar for næringsavfall vert fastsett av styret, og kan delegerast til dagleg leiar.

For hushaldsavfall som vert henta ved den vanlege renovasjonsordninga betalar kommunane til selskapet etter gebyrordning og gebyrsatsar som vert fastlagde av representantskapet. Grunnlaget for innbetalinga til selskapet frå kommunane skal vera likt for alle kommunane, jf. § 3.

For hushaldsavfall betalar kommunane forskotsvise á-kontosummar til selskapet kvart kvartal på grunnlag av vedteke budsjett. Sluttrekning på grunnlag av faktiske tal vert send når dette talgrunnlaget ligg føre frå kommunane og selskapet. Alternativt kan NGIR, etter avtale med den einskilde kommune, og på vegne av kommunen, fakturera abonnentane direkte, også for avfall som vert henta ved den vanlege renovasjonsordninga.

## § 21 Årsbudsjett

NGIR er ikkje avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen, og selskapet fastset sitt eige årsbudsjett. Administrasjonen i selskapet utarbeidar framlegg til bud-

sjett i samsvar med gjeldande økonomiplan for selskapet. Framlegg til budsjett vert så handsama av styret, som legg det fram for representantskapet. Det er representantskapet som gjer bindande vedtak om selskapet sitt årsbudsjettet.

Årsbudsjettet skal setjast opp slik at det gjev eit realistisk bilete av verksemda og det forventa økonomiske resultatet av drifta.

**§ 22 Budsjettavvik**

Dersom det synest å verta vesentleg svikt i inntekter eller vesentleg auke av utgifter i høve til budsjettet, skal styret straks gje melding om dette til leiaren i representantskapet. Denne skal kalla inn til møte i representantskapet, der styret gjer greie for budsjettavviket og legg fram forslag til revidert budsjett.

**§ 23 Økonomiplan**

Representantskapet vedtek selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatta dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som t.d. investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalda eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

**§ 24 Låneopptak**

Selskapet har høve til å ta opp lån ~~til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld~~ for å finansiera investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmiddel til eige bruk, og for å konvertera eldre lånegjeld, innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr ~~40~~80 millionar.

Dersom ein av deltakarane er underlagt reglane i kommunelova § 60, skal selskapet sitt vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmiddel som kan påføra selskapet utgifter utover dei fire neste budsjettår, godkjennast av departementet.

Det kan også takast opp lån til likviditetsføremål. Slikt lån må gjerast opp før rekneskapsavslutning vedkomande budsjettår. Dersom det er rekneskapsunderskot som

**Kommentert [HL14]:** Gjeldande lovverk

**Kommentert [HL15]:** Trong for heving

**Kommentert [HL16]:** Gjeldande lovverk

etter økonomiplanen skal dekkjast over fleire år, kan motsvarande lån betalast tilbake over det same tidsrommet.

~~Vedtak i selskapet om å ta opp lån må godkjennast av departementet.~~

**Kommentert [HL17]:** Endra lovverk

## § 25 Utlegg, arrest m.v.

Selskapet sin eigedom kan ikkje vera gjenstand for utlegg eller arrest. Konkurs og gjeldsforhandlingar etter lov av 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandlingar eller konkurs kan ikkje opnast i selskapet.

## § 26 Rekneskap

Selskapet har rekneskapsplikt etter rekneskapslova. Representantskapet fastset selskapet sitt rekneskap.

## § 27 Revisjon

Selskapet skal ha revisor som vert valt av representantskapet, jf. lov om IKS, § 28.

## § 28 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer må godkjennast av alle medlemskommunane.

Ved opptak av nye medlemmer må §§ 2 og 5 i selskapet sine vedtekter endrast.

Nye medlemmer skal innbetala ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal svara til den nye medlemmen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital.

## § 29 Avfall frå andre enn medlemskommunane

Selskapet kan ta imot avfall som oppstår utanfor NGIR-regionen. Vilkåra ved levering av større mengder avfall utanfrå NGIR-regionen skal vera regulert i skriftleg avtale. Ved mottak av meir enn 5 000 tonn eksternt avfall per år (til deponi) skal styret verta orientert. Ved mottak av meir enn 10 000 tonn eksternt avfall per år (til deponi) skal representantskapet verta orientert.

## § 30 Oppseiing av medlemskap

Ein kommune kan med eitt års skriftleg varsel seia opp medlemskapen i selskapet og krevja seg utløyst frå dette. Utløysingssumma vert fastlagd til nettoverdien av kommunen sitt innskot når oppseiingsfristen går ut. Summen skal ikkje vera høgare enn verdien av dei midlane kommunen har innbetalt.

Den kommunen som går ut av selskapet, heftar framleis for sin del av den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet.

Representantskapet fastset ny prosentdeling og representasjon etter utmelding.

Oppseiing av avtalen om interkommunalt samarbeid kan påklagast til departementet av selskapet sitt representantskap, eller den einskilde kommune, innan ein månad. Departementet kan gje pålegg om at samarbeidet skal halda fram i eit nærare avgrensa tidsrom eller inntil vidare dersom samfunnsmessige interesser eller omsynet til dei samarbeidande kommunane tilseier dette.

## § 31 Utelukking

Dersom ein medlem vesentleg mislegheld sine forpliktingar i selskapet, kan dei andre medlemmene samrøystes vedta at vedkommande medlem skal verta utelukka. Den som vert vedtatt utelukka, skal verta varsla skriftleg, og medlemmen misser umiddelbart retten til å ha representantar i representantskapet.

Den som vert utelukka har krav på utløysing i selskapet etter same reglar som for oppseiing, men heftar framleis for sin del av den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen vert utelukka. Representantskapet fastset ny prosentdeling og representasjon etter utelukking.

## § 32 Oppløysing

Selskapet kan oppløysast dersom deltakarane er einige om det. Den einskilde medlemskommune må sjølv gjera vedtak om oppløysing. Oppløysing av selskapet må godkjennast av departementet. Gjennomføringa av ei eventuell avvikling skal skje etter retningsliner som vert nærare fastlagde av departementet.

## § 33 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene § 1 t.o.m. § 6 og §§ 8, 13, 28, 31, 32 og 33 må godkjennast av alle medlemskommunane. Andre endringar kan representantskapet vedta med 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene, med mindre noko anna føl av Lov om IKS § 4.

**Kommentert [HL18]:** Gjeldande lovverk

## § 34 Voldgift

Tvist om tolking av vedtektene vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistemålslova.

**STYREMØTE**

Møtedato: 08.10.18 Sak nr: 24/18 Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

# Innsamling av avfall – på anbod eller eigenregi

## Vedlegg

Skriv frå Fagforbundet

## Tidlegare handsaming

<u>Styresak 04/18 (22.01.18)</u>
Vedtak: «NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.
Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.
Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.
Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018.»

<u>Representantskapssak 03b/18 (05.03.2018)</u>
Konklusjonen vart (såleis) at fleirtalet i representantskapet støttar at styret er ansvarleg for den vidare prosessen og avgjersla m.o.t. om innsamling av avfall hjå NGIR skal skje i eigenregi eller etter anbod.

<u>Styresak 17b/18</u>
Styret drøfta tala og bad administrasjonen om ytterlegare informasjon til styremøtet 8. oktober:

- Kva kostnader har NGIR ved drift i eigen regi?
- Kva prisar oppnår andre avfallsselskap i marknaden no (korleis utviklar marknaden seg)?
- Kva gjer andre selskap rundt NGIR?
- Dersom eigendrift: Korleis vil kostnadsbiletet endra seg ved å flytta bilar og mannskap til Kjevikdalen? (I perioden etter konkursen i RenoNorden har NGIR leigd lokale (garderobar og dusj, pauserom, kontor og ein hall med plass til ein renovasjonsbil) på Mjåtveit på Frekhaug).

- Kva andre argument kan vera vesentlege i tillegg til dei som er behandla i sak 04/18?

## Saksutgreiing

**Kva kostnader har NGIR ved drift i eigen regi?**
Figur 1 viser reelle tal for transportkostnad per abonnent første halvår 2018 (multiplisert med 2 for å få årskostnad) mot berekna kostnad gjort i 2017. Den svarte prikken er tilsvarande kostnad i anbodet som vart nr. 2 i siste anbodsrunde. Den lilla trekanten representerer kostnaden dersom førre kontrakt (før RenoNorden) hadde vorte vidareført (kontrakten hadde 2 opsjonsår og kontrakten kunne difor vore vidareført t.o.m. 2018, men den vart sagt opp då det vart vurdert slik at ein ville få betre kostnader i marknaden ved å gå ut på nytt anbod). Første halvår 2018 har ein kostnad som er 2,9 % høgare per kunde enn berekninga frå 2017. Berekninga i 2017 vart gjort i 2017-kroner for å samanlikna med 2017-prisane i anbodet som vart nr. 2, men i budsjettet for 2018 vart det lagt inn indeksauke slik at kostnaden for 2018 no er om lag som budsjettert. Kostnaden med eiga drift ligg per 1. halvår 2018 kr 32 per kunde over anbod nr. 2 og kr 83 per kunde under ei vidareføring av førre kontrakt (før RenoNorden).

*Figur 1*



Figur 2 viser kor mange kilometer det er køyrd kvar månad og kor mange arbeidstimar NGIR har betalt for.

*Figur 2*




Figur 3 viser tal timar som er betalt for kvar månad fordelt på rutekøyring og vår/haustrydding.

*Figur 3*



Figur 4 viser dei same tala som i figur 3, men der timar til vår- og haustrydding er teke vekk og tal arbeidstimar er delt på kor mange vekedagar det er kvar månad (måndag-fredag inkl. rørlege helgedagar). Dersom ein person har arbeidd 10,5 timar ein dag, vert det her rekna som 10,5/7,5 = 1,4 personar.
Då RenoNorden gjekk konkurs fekk alle sjåførar tilbod om kontrakt ut 2017 på minst like gode vilkår som dei hadde hatt i RenoNorden. Manglande tilpassa arbeidsplanar i RenoNorden gjorde at det vart mange timar ein betalte for utan at det gav nemneverdig nytteverdi for NGIR. Den store endringa i tal timar frå desember til januar skuldast omlegging av ruter og overgong til arbeidsplanar med arbeidstid tilpassa rutene. Det er elles gjort ruteendringar utover 2018 som også har gjeve positive utslag i ressursbruken.
Føresetnaden i utrekninga om kostnader ved eigendrift over er basert på kostnadene første halvår 2018, men det kan sjå ut som om tal timar vil verta lågare 2. halvår med dei endringane som er gjort til no.

*Figur 4*



Tal timar brukt til renovasjonskøyring har vore noko lågare enn budsjettert, medan kostnader til vedlikehald har vore høgare enn budsjettert. Sjølv om det er relativt nye bilar har det oppstått ein del feil, spesielt på elektronikken på påbygga, noko som har gjeve både driftsstans og vedlikehaldskostnader. Det er gjort tiltak for at slike feil vert redusert. Figur 5 viser vedlikehaldskostnader per månad. NGIR fekk ikkje med vinterdekka då NGIR overtok leasingavtalane, eitt sett med dekk vart overteke av konkursbuet, difor ekstra høg kostnad i oktober 2017 til kjøp av dekk. Tal for september 2018 er ikkje klar.

*Figur 5*




Trendane tyder på at NGIR vil få lågare kostnader til innsamling i 2. halvår enn i 1. halvår, og vil i 2. halvår truleg ha samla kostnader på om lag same nivå som kostnadene til selskapet som vart nr. 2 i anbodet frå 2016.

**Kva prisar oppnår andre avfallsselskap i marknaden no (korleis utviklar marknaden seg)?**
Prisar oppnådd hjå andre er ikkje samanliknbare med prisar i NGIR sitt anbod førre gong, så ein har freista få informasjon frå selskap som har vore ute på anbod siste år utan at dei har gjort endringar i innsamlingsopplegget eller vesentlege endringar i vilkåra i kontrakten, men administrasjonen har ikkje lukkast å finna gode døme. Ein har difor måtta «ta til takke» med oppfatning selskap som har vore på anbod har av prisnivået i marknaden no kontra for eit par år sidan (sett vekk i frå prissettinga til RenoNorden og Veireno som gjekk konkurs) i tillegg har ein drøfta med konsulent. Ein har ikkje sett det som relevant å samanlikna med selskap som gjekk ut på hasteanskaffelse i dagane etter konkursen til RenoNorden, då ein i ein slik pressa situasjon naturleg nok får relativt sett høge prisar.
Tilbakemeldingane er ikkje eintydige. Det vert meldt om både høgare og lågare prisar enn det ein hadde venta. Einaste fellestrekket er at det er færre som gjev tilbod no enn tidlegare og det er jo naturleg når to større aktørar er vekke frå marknaden.

Mange er i same situasjon som NGIR, ein har ei mellombels løysing i eigen regi og vurderer om ein skal gå ut att på nytt anbod eller drifta sjølv. Av dei selskapa ein kjenner til har vore ute på nytt anbod etter konkursen har dei fått mellom 1 og 3 tilbod.
NGIR har dei 2 siste gongane fått 4 tilbod.

**Kva gjer andre selskap rundt NGIR?**

Nordfjord Miljøverk (NOMIL)

Vart råka av konkursen i RenoNorden. Overtok bilar og mannskap og tilsette sjåførane i ordinære stillingar. Styret vurderer fortløpande drifta og det er ikkje sett tidspunkt for eventuell vurdering av endra praksis.

Sunnfjord miljøverk (SUM)

Vart råka av konkursen i RenoNorden. Mellombels avtale med NordRen til 30.09.19. Har etablert deleigd dotterselskap og styret har bestemt å drifta i eigen regi frå 01.10.19

Sogn interkommunale miljø og avfallsselskap (SIMAS)

Vart råka av konkursen i RenoNorden. Overtok bilar og mannskap og tilsette sjåførane i ordinære stillingar. Styret vurderer fortløpande drifta og det er ikkje sett tidspunkt for eventuell vurdering av endra praksis.

Indre Hordaland Miljøverk (IHM)

Vart ikkje råka av konkursen i RenoNorden. Starta opp drift i eigen regi 01.01.2014 då kontrakten med lokal entreprenør gjekk ut.

Fjell vann, avløp og renovasjon (FjellVAR)

Vart råka av konkursen i RenoNorden. Bir Transport tildelt einerett ut 2019.

BIR

Vart råka av konkursen i RenoNorden i 8 av 9 kommunar (ikkje Bergen). Bir Transport tildelt einerett ut 2019.

Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM)

Vart ikkje råka av konkursen i RenoNorden. Gjekk ut på nytt anbod med innleveringsfrist mai 2017.

Haugalandet interkommunale miljøverk (HIM)

Vart råka av konkursen i RenoNorden. Overtok bilar og mannskap og tilsette sjåførane i ordinære stillingar i eige, nyoppretta selskap (HIM Transport AS). Styret skal våren 2019 vurdera om transporten skal halda fram slik den gjer, om transporten skal innlemmast i IKS-et eller om transporten skal setjast ut på nytt anbod.

**Korleis vil kostnadsbiletet endra seg ved å flytta bilar og mannskap til Kjevikdalen?**

Dersom ein flyttar oppstillingsplassen for bilane frå dagens lokalitet (Frekhaug) til Kjevikdalen, vil det redusera til- og fråkøyring til alle ruter, med unnatak av dei som er i Meland (der tal kilometer vil verta uendra).
I utrekningane er det gått gjennom alle ruter og berekna innsparte kilometer ved ei slik endring. Det er føresett at redusert tal kilometer gjev ei innsparing på 40 % av gjennomsnittskostnaden NGIR har per kilometer. Ein del av kostnadene er relativt faste (m.a.

leasing) og kostnaden vert dermed ikkje redusert tilsvarande som ein reduserer tal kilometer.
Det er føresett at gjennomsnittsfarten på spart transportstrekning er 60 km/t og at det er i gjennomsnitt 2 personar i bilen 30 % av tida, elles 1 person. Kostnaden per person er sett til gjennomsnittleg lønskostnad.
Det er ikkje rekna på innsparingane i samband med vår- og haustrydding, så dei innsparingane vil koma i tillegg, men vil ikkje påverka biletet vesentleg.
Utrekningane viser at ein vil redusera tal kilometer med litt over 15 % og tal timar med litt under 4 % og ein vil få redusert kostnadene som følgjer:

| | |
|---|---|
| Spart kostnad bilar per år | kr 450 000 |
| Spart kostnad mannskap per år | kr 328 000 |
| Spart kostnad leige lokale | kr 357 000 |
| **Sum** | **kr 1 135 000** |

Dersom ein flyttar oppstillingsplass til Kjevikdalen må det gjerast ein del investeringar. Det er ikkje rekna i detalj på kva det vil kosta å utvida garderobar, kontor, oppstillingsplass for bilane og eit bygg som husar ein renovasjonsbil (slik NGIR i dag leiger på Frekhaug).
Ein grov-kalkyle er gjort:

| | **Tal $m^2$** | **Einingspris** | **Investering** | **Årleg kostnad** |
|---|---|---|---|---|
| Garderobar | 60 | 40 000 | 2 400 000 | 216 000 |
| Kontor | 15 | 30 000 | 450 000 | 40 500 |
| Auka fellesareal | 50 | 30 000 | 1 500 000 | 135 000 |
| Oppstillingsplass | 1500 | 1 000 | 1 500 000 | 135 000 |
| Garasje til 1 bil | 100 | 20 000 | 2 000 000 | 180 000 |
| Straum/vedlikehald | | | | 100 000 |
| **Sum** | | | | **806 500** |

Kalkylen viser at NGIR vil kunna spara nokre hundre tusen kroner årleg på flytta oppstillingsplass frå Frekhaug til Kjevikdalen dersom NGIR skal halda fram med å drifta transporten i eigen regi.

**Kva andre argument kan vera vesentlege i tillegg til dei som er behandla i sak 04/18**
Administrasjonen meiner at opplistinga i sak 04/18 har med dei momenta som må takast med i vurderinga, og har ikkje ytterlegare moment som har kome fram gjennom dette driftsåret. Det har vorte meir arbeid i samband med lønsutbetalingar og rekneskapsføring. Det har vorte mindre arbeid i samband med avvik, endringar og kontraktoppfølging. Ingen av desse endringane har ført til endra mannskapsressursar, og dei vert vurdert til å «gå opp i opp». Resten av organisasjonen merkar relativt lite til at NGIR driv i eigenregi no.
Dei som i dag er mellombels tilsett er i avgrensa grad integrert i verksemda. Kostnader og arbeid knytt til ei evt. «fullintegrering» er vanskeleg å talfesta.

FAGFORBUNDET

Styret i NGIR

Nordhordland 28/9-2018

**Innsamling av avfall – på anbud eller i egenregi**

Fagforbundet sine fagforeninger i NGIR sitt område ønsker å komme med følgende uttalelse i forbindelse med NGIR sin behandling av sak om avfall i egenregi eller på anbud.

Bakgrunnen for saken er kjent. Reno Norden skandalen viste hvor sårbart det kan være å sette kritisk infrastrukturarbeid ut på anbud. Over natten måtte store deler av kommune Norge kaste seg rundt og overta ansvaret for innsamling av husholdningsavfall uansett hva det ville koste fordi et selskap som i årene før hadde tatt ut hundrevis av millioner i utbytte og konsernbidrag ble slått konkurs. Også NGIR og eierkommunene ble berørt av dette.

Fagforbundet er opptatt av at man ser disse tjenestene som en helhet, og renovasjon er blitt en stadig viktigere funksjon i samfunnet. Avfall som før var betraktet som miljøproblem forvandles i dag til verdifulle ressurser. Sirkulærøkonomi og gjenbruk blir stadig viktigere tiltak, for å sikre et bærekraftig samfunn. For å få dette til, er det viktig at kommunene ser behov for å samle disse renovasjonstjenestene innenfor felles drift, for å drive en felles utvikling av sektoren og utnytte ressursene på best mulig måte.

Renovasjonsbransjen er i løpende utvikling, med ny kunnskap, ny teknologi, nye lover og nye forskrifter. Ved å drive renovasjon i egenregi har man større mulighet til rask omstilling og man står friere til å kanalisere avfallsressursene på en måte der man balanserer lokale hensyn til næringsliv, miljøpåvirkning og lave renovasjonskostnader.

Historisk har anbudsutsetting av disse tjenestene bidratt til at lokale entreprenører har utført transporten. De senere års utvikling viser at denne tiden er forbi, det er i dag store multinasjonale selskaper som vinner anbudene og resultatet er en bransje med stort press på lønns- og arbeidsvilkår og det blir jevnlig avdekket sosial dumping. Å drive dette i egenregi vil gi bedre kontroll med at de ansattes sikres ryddige lønns- og arbeidsvilkår.

Å drifte i egen regi, betyr mindre utgifter til anbudsutforming, behandling og oppfølging, og erfaringene fra de ulike konkursene de senere år viser hvor komplisert det er blitt å følge opp utførelsen av anbud tilstrekkelig godt.

En økonomisk fordel med å drive dette i egenregi er at man kan utnytte renovasjonsbilene lengre og bedre enn med dagens anbudssystem. Det gir lavere kostnader til bilhold og er mer miljøvennlig ved at man har økonomisk interesse i godt vedlikehold.

I etterkant av Reno Norden konkursen viser tallene at av de 133 kommunene som ble berørt er det 72 kommuner som nå har overtatt tjenestene permanent i egenregi, mens det er 45 kommuner som driver det midlertidig i egenregi (deriblant NGIR sine eierkommuner).

Kommunene som har tatt det tilbake i egenregi er et tverrsnitt av norske kommuner med store bykommuner som Stavanger og Ålesund og ned til små kommuner.

Kragerø er en av kommunene som har tatt det tilbake og tall vi har innhentet viser at å drifte det i egenregi er hele 12 % lavere enn nest laveste anbud ved siste anbudskonkurranse (laveste var Reno Norden)

En sentral årsak til at Kragerø kommune kunne oppnå lavere kostnad ved egen drift var at de hadde god egen kompetanse på planlegging og drift av innsamling av husholdningsavfall. Videre vil private aktører selvsagt i sine anbud legge inn visse marginer til fortjeneste, noe kommunen ikke gjør på renovasjonstjenester- da det skal drives til selvkost, jf. forurensningsloven.

Om man velger egen drift, vil det heller ikke påløpe kostnader til utforming av anbudsdokumenter og senere oppfølging av ekstern leveranse.

Fagforbundet sin oppfordring til styret er å ta innsamlingen av avfall permanent i egenregi for på den måten å bidra til at NGIR blir en strek og god aktør innen renovasjon for eierkommunene sine i framtiden.

Fagforbundet Lindås
Pål Inge Fosse Hopland

Fagforbundet Radøy
Thormod Bendiksen

Fagforbundet Meland
Anita Dale

Fagforbundet Austrheim/Fedje
Bjørn Helge Olsen

Fagforbundet Modalen
Anne Britt Almelid

Fagforbundet Masfjorden
Britt Inger Myhr

Fagforbundet Solund
Hege Trovåg

Fagforbundet Gulen
Leif Brekken

**STYREMØTE**

Møtedato: 08.10.18 Sak nr: 25/18 Sakshandsamar: Hilde Lysø

# Sal av tomt i Knarvik

**Saksutgreiing**

Styret gjorde 07.05.18 følgjande vedtak i sak 13/18:

> *Oppdraget med sal av tomt i Knarvik er handsama av Eiendomsmegler Vest. Dei er i samtaler med Erstad & Lekven Utbygging AS. Bod er motteke på 7,3 mNOK. Styret ynskjer ikkje å selja til denne prisen, men gjev dagleg leiar fullmakt til å selja ved bod over 7,5 mNOK.*

På bakgrunn av dette fullførte dagleg leiar salet 01.06.18, til ein salssum på 7,6 mNOK.

Representantskapet vart m.a. hausten 2015 og våren 2016 orientert om planane og prosessen knytt til salet av tomta i Knarvik:

> ***Sak 11/15 Meldingar***
> ***Diverse munnleg orientering***
> ***…***
> ***Eigedomar, sal/kjøp***
> *Tomta etter gjenvinningsstasjonen i Knarvik er no ferdigregulert til bustadføremål. NGIR har bede om ny takst på eigedomen og vil legga fram sak om sal/utnytting for styret i desember.*
> ***…***

> ***Sak 10/16 Meldingar***
> ***Diverse munnleg orientering***
> ***…***
> ***Knarvik gjenvinningsstasjon***

*Prospektet på sal er nesten klart. Det har teke ein del tid grunna rekkefølgjekrav og kommunale føringar som måtte sjekkast nærare. Meklar opplyser at det er fleire interessentar allereie. Dersom sal vert gjort til takst eller høgare, vil dagleg leiar akseptera høgste bod. Dersom bod vert under takst, vil dagleg leiar leggja fram saka for styret.*

*…*

Prosessen med sal av tomta i Knarvik tok vesentleg lengre tid enn venta, men vart altså fullført i juni 2018.

I samband med gjennomgong av NGIR sin selskapsavtale knytt til etableringa av Alver kommune har administrasjonen vorte merksam på følgjande paragrafar i Lov om interkommunale selskap (som NGIR sin selskapsavtale er nært knytt opp til):

*§ 25. Salg av selskapets faste eiendommer m.v.*

*Vedtak om*

1. *å avhende eller pantsette fast eiendom eller andre større kapitalgjenstander eller*
2. *å foreta investeringer som er av vesentlig betydning for selskapet eller en eller flere av deltakerne,*

*må treffes av representantskapet etter forslag fra styret.*

*§ 21. Realiserte verdier*

*Midler som innkommer ved salg av eiendeler som nevnt i § 25, kan ikke brukes til å dekke løpende utgifter.*

NGIR har alltid praktisert at det er representantskapet som – etter forslag frå styret – gjer vedtak om investeringar som er av vesentleg betyding for selskapet, då det er representantskapet som gjer vedtak om NGIR sin økonomiplan og investeringsbudsjett (på representantskapsmøtet i slutten av oktober kvart år). Då NGIR har liten erfaring med sal av fast eigedom, har ein diverre ikkje vore kjent med at det også er representantskapet som må gjera slikt vedtak. Salet av tomta i Knarvik gav i tillegg god vinst (ho vart kjøpt for kr 500 000 pluss omkostningar i 1996), og det gjorde og sitt til at ein ikkje automatisk tenkte at dette var ei sak som representantskapet måtte avgjera. For å få det formelle i orden, vil dagleg leiar føreslå at styret ber representantskapet om å gjera vedtak om at dei ikkje har innvendingar mot det tomtesalet som er gjennomført.

Eventuelle framtidige planar om sal av fast eigedom hjå NGIR vil, i tråd med lovverket, verta lagt fram for representantskapet for vedtak.

I "H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester" heiter det:

> *"Ved salg av anleggsmidler tillegges differansen mellom anleggsmidlets restverdi og salgssum årets inntekter eller kostnader i selvkostkalkylen. Ved utrangering av anleggsmidler tillegges eventuell restverdi årets kostnader som en nedskrivning i selvkostkalkylen."*

Etter rekneskapslova skal vinst ved sal av eigedom førast som inntekt, og inngår difor i resultatet. Ein slik vinst, alt anna like, vil påverka resultatet positivt og dermed auka sjølvkostfondet. Det er m.a.o. samsvar mellom rettleiaren og lovverket her. Men i lov om IKS § 21 står det at *"Midler som innkommer ved salg av eiendeler som nevnt i § 25, kan ikke brukes til å dekke løpende utgifter."* Eit sjølvkostfond vert brukt til å dekkja eit over- eller underskot i tenesta, og strengt tatt er eit overskot då med på å "dekke løpende utgifter", fordi ein nyttar inntekter frå sjølvkostfondet i staden for gebyrinntekter til å finansiera kostnadene. NGIR har kontakta revisor for å få avklart om § 21 i lov om IKS skal tolkast slik at ein vinst ved sal av eigedom ikkje skal inngå i resultatet (og dermed sjølvkostfondet), og viss svaret på det er ja, korleis ein då skal bokføra ein vinst ved sal av eigedom.

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak**

Tomta etter gjenvinningsstasjonen i Knarvik vart seld i juni 2018 for 7,6 mNOK. Tomta vart kjøpt for kr 500 000 pluss omkostningar i 1996. Representantskapet var orientert om at prosessen med salet av tomta var sett i gong, men det var styret som gjorde sjølve vedtaket om salet. Etter IKS-lova § 25 er det representantskapet som skal gjera vedtak om sal av fast eigedom. Styret ber difor representantskapet om å i ettertid gje si tilslutting til det aktuelle salet.

**STYREMØTE**

Møtedato: 08.10.18 Sak nr: 26/18 Sakshandsamar: Hilde Lysø

# Godtgjersle til styre og representantskap

**Vedlegg:**
- NGIR sine gjeldande satsar for godtgjersle til styre og representantskap
- Sak frå SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøselskap) om godtgjersle til styre og representantskap
- Utdrag frå Lindås kommune sine retningsliner for "Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde"

## Saksutgreiing

I NGIR sin selskapsavtale, § 9 Representantskapet sitt mynde, er m.a. "Fastsetja godtgjersle til representantskap og styre" nemnt som ei av sakene som representantskapet som hovudregel skal handsama på årsmøtet. Hjå NGIR har det ikkje vore vanleg å ha dette som fast sak, som følgje av at dei fleste satsane for godtgjersle for ein del år sidan vart knytt opp til løn til dagleg leiar, og dermed fekk ei automatisk regulering. Førre gong NGIR sitt regulativ for godtgjersle til styre og representantskap vart revidert var hausten 2012.

NGIR har fått innspel om at det i ei rekkje andre selskap (t.d. Tomteselskapet og Knarvik Industri og Miljø i Lindås kommune) er slik at sak om fastsetting av godtgjersle til styrande organ vert handsama årleg, sjølv om ein då ofte gjer vedtak om at satsane ikkje vert endra. På denne måten sikrar ein at regulativet likevel vert vurdert med jamne mellomrom, og ein syt for at regulativet vert gjort kjent – både internt og eksternt.

Mange av NGIR sine satsar for godtgjersle er knytt til dagleg leiar si løn. Ein del kommunar og avfallsselskap har no valt å knyta satsar for godtgjersle (direkte eller indirekte) til løn til stortingsrepresentantar.

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak**

Styret rår representantskapet til å gjera følgjande vedtak:

*"Godtgjersle til styre og representantskap" skal vera fast sak på NGIR sine årsmøte.*

*Til årsmøtet våren 2019 vert det utarbeidd framlegg til revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap. I framlegget vert det m.a. teke omsyn til tilsvarande retningsliner/satsar i andre avfallsselskap på Vestlandet, og retningsliner/satsar i NGIR sine eigarkommunar. Satsane for godtgjersle til styre og representantskap skal i framtida vera knytt til løn til stortingsrepresentantar, i staden for – som i dag – løn til dagleg leiar.*

## NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap

*Vedteke av representantskapet i sak 27/12, med verknad frå 01.01.13.*

| | |
|---|---|
| **Løn** leiar i representantskapet: | 3 % av dagleg leiar si løn |
| **Løn** styreleiar: | 6 % av dagleg leiar si løn |
| **Løn** nestleiar i styret: | 2 % av dagleg leiar si løn |
| **Løn** andre styremedlem: | 1 % av dagleg leiar si løn * |

1. vara i styret har same godtgjersle som eit ordinært styremedlem.

** Føreset 70 % frammøte.*

*Dagleg leiar si løn per januar 2013 er kr 700 000 per år.*

| | |
|---|---|
| **Møtegodtgjersle** styre og representantskap: | Kr 1 000 per møte |
| Dekking av dokumentert **tapt arbeidsforteneste**: | Etter skriftleg krav |
| Dekking av **utgifter til vikar**: | Etter skriftleg krav |

**Ekstrautgifter** som er naudsynte i samband med **tilsyn av born** under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil kr 600 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 200 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

**Reisegodtgjersle** i samsvar med Staten sine satsar.

## Retningsliner for dekking av tapt arbeidsforteneste og dekking av utgifter i samband med utføring av verv hjå NGIR

Medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre og representantskap har rett til å få dekka evt. tapt arbeidsforteneste eller utlegg til vikar eller utlegg til tilsyn med born, funksjonshemma og sjuke i samband med deltaking på møte, kurs, konferansar o.l. på vegne av selskapet, innanfor dei satsane som representantskapet har vedteke.

Tapt arbeidsforteneste / utlegg vert dekka etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har føreteke trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevja å få dekka utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vore fråverande som følgje av deltaking på møte m.v. for NGIR.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt når tapet vert dokumentert med oppgåva frå firma.

Ekstrautgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av born under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil kr 600 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 200 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Tap og utlegg som det vert kravd dekking av må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstrainntekt vert ikkje erstatta.

Krav om dekking av tap og utlegg må framsetjast skriftleg.

Dekking av tapt arbeidsforteneste og av utlegg kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

## Utbetaling av godtgjersle til styre og representantskap

**Løn** til representantskapsleiar, styreleiar, nestleiar og andre medlemmer i styret vert (automatisk) utbetalt i juni kvart år, basert på dei opplysningane NGIR har om kven som har vore i desse verva førre år.

**Møtegodtgjersle** til styremedlemmer og medlemmer i representantskapet vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på registrert frammøte førre halvår.
For å få utbetalt **reisegodtgjersle**, og for evt. å få dekka **tapt arbeidsforteneste** og **andre utgifter**, må styremedlemmene og representantskapsmedlemmene nytta NGIR sine skjema for dette. Av omsyn til revisjonen (og mogleg bokettersyn), er det særs viktig at alt vert korrekt fylt ut *av den som krev godtgjersle*. Reisegodtgjersle og dekking av tapt arbeidsforteneste/utgifter vert utbetalt ein gong per månad. Dersom nokon vel å samla opp fleire skjema før innlevering, er det likevel viktig at dei vert levert i god tid før utgongen av det kalenderåret dei gjeld for.

## Sak 6.18 Godtgjersle til representantskap og styre

*Godtgjersle til representantskapet:*
Representantskapsmøtet gjorde i sak 9.1990 slikt vedtak:

> *Representantskapsmøte ber om at dei deltakande kommunar dekkjer møteutgiftene for sine representantar etter gjeldande kommunale regulativ.*

*Godtgjersle til styret:*
Representantskapet vedtok i sak 06.2015:

*"Representantskapet ønskjer ikkje at styregodtgjersla skal vera knytt til løna til dagleg leiar, og ber administrasjonen at ein på neste representantskapsmøte fremjar ei sak der ein vurderer å knyta styregodtgjersla opp mot lønsnivået til stortingsrepresentantar. "*

Styregodtgjersla vert på same nivå som tidlegare vedteke i representantskapet, og ein tilpassar godtgjersla til lønsnivå som for stortingsrepresentantar:

| | |
|---|---|
| *Leiar:* | *6,24% av løn til stortingsrepresentantar* |
| *Nestleiar:* | *3,12% av løn til stortingsrepresentantar* |
| *Medlem:* | *1,56% av løn til stortingsrepresentantar* |

*I tillegg vert alle medlemer godtgjort med kroner 1000 per møte.*

Medlemer og varamedlemer i styret har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt, eller for utlegg til vikar. Denne summen kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle. Tap/utlegg skal legitimerast, og må stå i rimeleg høve til medgått møtetid. Tap i pårekna overtid, eller anna ekstrainntekt, kan ikkje erstattast.

Personleg næringsdrivande har rett til å få utbetalt vederlag for tapt inntekt per møtetime. Satsen vert 500 kroner per. time og maks 7,5 timar per dag.
Satsen til personleg næringsdrivande vert indeksjustert årleg, i tråd med generell lønnsutvikling (SSB-tal).

Godtgjersle for 2017:

| | |
|---|---|
| Leiar | 66 945 kroner |
| Nestleiar | 37 972 kroner |

Andre styremedlemer og vararepresentantar 132 917 kroner. I tillegg er det betalt ut 5 439 kroner i kompensasjon for tapt arbeidsforteneste. Samla godtgjersle for styrearbeid 243 273 kroner.

*Styret sitt framlegg til vedtak:*
Representantskapet godkjenner godtgjersle til styret på 243 273 kroner.

# 19 Arbeidsvilkår og godtgjersle for folkevalde

## 19.1 Føremål

Reglementet har til føremål å sikra folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jfr. Kommunelova §§41 og 42.

Alle summar skal justerast årleg i samsvar med fastsetjing av godtgjersle for ordførar som igjen vert fastsett i forhold til lønn for stortringsrepresentant.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle skal minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår for kommunen.

## 19.2 Kommunestyret, formannskapet og faste utval.

Kommunestyre-, formannskap- og faste utvalmedlemmer, har rett til møtegodtgjersle på 1,5 ‰ av ordførar sin godtgjersle pr. møte.
Medlem eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne har rett til møtegodtgjersle på 1‰ av ordførar sin godtgjersle pr. møte.

Dersom det vert halde andre møter same dag som kommunestyremøtet (hovudmøtet), vert det utbetalt møtegodtgjersle etter timesats for møte 2 osb.

## 19.3 Fast godtgjersle for leiar av utval.

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Leiar for plan- og miljøutvalet | 10 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 2. | Leiar for levekårsutvalet | 7,5 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 3. | Leiar for kontrollutvalet | 5 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 4. | Leiar eldreråd | 2 ‰ av ordførar sin godtgjersle pr. møte. |
